

## ÅRSBERETNING 2007-2008

### Norsk forening for intervensjonsradiologi (NFIR).

Styret har i denne perioden hatt følgjande medlemmer:

Jon Egge, leiar  
Eyvind Gjønnæss, nestleiar  
Arne Heilo, kasserer  
Erna Skomedal, sekretær  
Jostein Gleditsch, styremedlem

Foreningen har per 010808 82 medlemmer.

Sidan forrige generalforsamling har foreninga holdt eit medlemsmøte. Der var faglig innlegg ved Nils-Einar Kløw og Trond Hagtvedt. Vertskap var Bard

Styret har i siste periode hatt 8 styremøter av desse 7 telefonkonferansar.

**Saker som har vore til behandling:** Målet for styret har vore å få NFIR meir synlege for medlemmer, kollegaer, media og pasientar. Arbeidet er starta opp og fleire saker står på agendaen, me skal m. a legga ut meir informasjon på heimesida vår om Intervensjonsradiologi der målgruppa er pasientar, kollegaer og almenlegar.

1. Internettsider. Me har oppdatert internettsidene våre med aktuelle lenkar til CIRSE, SIR, DFIR, Seldingerselskapet m. m Det er lagt ut ein artikkel og ein brosjyre om uterusembolisering for kollegaer og pasientar. Dei sjukehusa som har dette tilbodet er lista opp på heimesida. Vår gode kollega Edmund Søvik ved St. Olavs Hospital i Trondheim har vore til intervju i Norgesglasset på P1 i NRK radio. Der snakka han om uterusembolisering. Artikkelen om dette og radiointervjuet er lagt ut på NFIR si heimeside. Me har fått 2 annonsørar på heimesida, Cook og Vingmed. 2 til er på trappene. Adressa til heimesida vår er: <http://www.legeforeningen.no/nfir>.
2. I lag med Radiologforeningen har me sendt uttalelse til Adm. Dir. i Helse Sør-Øst om organiseringa av karkirurgien i regionen, den såkalla "hovudstadsprosessen" Me påpeika at det må vera med representantar frå Intervensjonsradiologien i denne prosessen. Me påpeika og at det blir feil å stansa endovaskulær behandling av aortaaneurysmer(EVAR) og carotisstenting bortsett frå ved Rikshospitalet og ved Aker sykehus før utredninga er ferdig. Denne avgjerda er med på å forskuttere konklusjonen i arbeidet og me meiner at alt oppstarta verksemd må kunne fortsetta til utredningsarbeidet er ferdig.

3. Me har knytta kontaktar med Den Danske Intervensjonsforeinga og til Seldingerselkapet i Sverige. Planen er å ha fellesmøter for å utveksla tankar, idear og erfaringar og for å sjå om me kan få til eit samarbeid i framtida. Dei skal leggja ut linkar til NFIR si heimeside på sine heimesider.

Vidare har me utreda vilkåra for kollektivt medlemskap i CIRSE.

Dette kjem opp som eiga sak på årsmøtet.

Årsmøtet vårt i år er lagt til onsdag 22. oktober for at det skal vera lettare å stilla for dei av våre kollegaer som er med på haustmøtet i radiologforeninga som går frå 22-24 oktober.

Haugesund 180908

Jon Egge, leiar i NFIR